Da fristen for lokale forhandlinger nærmet seg, var det klart at Unio og arbeidsgiver i Arkivverket ikke ble enige. De to Unio-forbundene i Arkivverket, Forskerforbundet og Sykepleierforbundet, meldte saken inn for Statens lønnsutvalg. Før utvalget rakk å behandle saken, førte et nytt forslag fra Unio til en løsning. Resultatet ble et generelt tillegg på 1,3 prosent til alle, samt individuelle tillegg som sikrer at ingen Unio-medlemmer får mindre enn 9000 kroner i lønnsøkning.

POLITIKK

Beholder fagskoleskille

I en ny stortingsmelding foreslår regjeringen en todeling i utdanningssystemet: én søyle for yrkesfaglig utdanning og én for høyere utdanning. Fagskolene skal plasseres i førstnevnte og får tilby utdanning på et mer avansert nivå, men gradsbetegnelsene bachelor og master skal fortsatt være forbeholdt universiteter og høyskoler. Tiltaket skal styrke fagskolene uten å skape forvirring om nivå eller grad. Regjeringen varsler også økt tilskudd per studieplass. I 2023 hadde 60 fagskoler over 31 000 studenter, og flertallet av skolene er private.

STUDENTER

Siste opptak med kjønnspoeng

Nå er nye regler for opptak til høyere utdanning ute på høring. Regjeringen foreslår å kutte antall tilleggspoeng fra 14 til 4. De fire poengene gis for realfag, samisk førstespråk og avtjent verneplikt. De første endringene kommer allerede ved opptaket i 2026: Kvoten for dem som går rett fra videregående til høyere utdanning, økes, samtidig som kjønnspoengene avvikles. Øvrige endringer kommer gradvis fram mot 2029. Høringsfristen er 18. juni.


KOR MYKJE DATA ER NOK?

Digital databehandling treng også plass, straum, vatn og materiale. Og behovet blir berre større.

Av Kjerstin Gjengedal

600 meter inn i fjellet i Lefdal opnar porten til det aller heilagste seg. Innanfor ligg den underjordiske byen av serverar som mellom anna forskingsnoreg lagrar sine data på. Foto: Lefdal Mine Data Centers





Supermaskin til Bergen

Universitetet i Bergen får en av de kraftigste datamaskinene i Europa. Hele 50 teraflops yter monstret fra Cray.

NYHET

Ny supermaskin i Oslo

Regnemonstret Abel befinner seg inne på verdens t

NTNU får Norges kraftigste superdatamaskin

Kontrakt til verdi av 35 millioner kroner.

Kjøper datama
225 millioner
henge med i A
kappløpet»

En historisk kraftig superdatamaskin skal gi N
innen AI-forskning. – Vi må sørge for at vi ha
statsråden.

«Vilje» er Nordens kraftigste datamaskin

Den bråker forferdelig, og ser ut som flere skap ved siden av hverandre. Superdatamaskinen på NTNU ble i juni kåret til verdens 68. kraftigste datamaskin.


SUPERDATAMASKINER

Slik blir Norges største superdatamaskin

Alle de fire universitetsmaskinene skal skiftes ut.

NTNU får nasjonalt a ny superdatamaskin

Utviklingen går så raskt at nyeste Iphone har høy
alle NTNUs seks første superdatamaskiner til sam



Det finst ein eigen artikkelsjanger som vi kan kalle «sjå mi superdatamaskin». Den er kjenneteikna av korte nyhendemeldingar om at no er landet blitt velsigna med ei ny tungreknemaskin som kan gjere opptil ein fantasillion rekneoperasjonar i sekundet!

Eit eige avsnitt ramsar opp tekniske spesifikasjonar som skal framkalle stoltheit og ærefrykt (96 parallelle prosessorar! 275 teraflops! 948 vatnkjølte Lenovo NextScale nx360-serverar, kvar med to Intel Xeon E5-2683v4-prosessorar med 16 kjernar!), etterfølgd av ein kommentar frå einkvan som peikar på at norsk forskning no vil kunne ta eit stort sprang framover, før artikkelen blir avslutta med «men det trengst meir!».

I skrivande stund ventar kongeriket på at den førebels siste i rekkja av superdatamaskiner til forskning, Olivia (totalt 64 512 CPU-kjerner!), skal avdukast i ein ombygd gruvehall på Nordvestlandet i juni. Men sjølv Olivia kan berre dekkje ein del av behovet, som veks endå meir eksponentielt enn før, om ein kan seie det slik, no når det skal satsast for fullt på kunstig intelligens. Så det trengst meir!

Må dele på det

Men dei siste par åra har store tal for reknekraft kome med ein bismak: Det viser seg at alle dei digitale operasjonane har eit klima- og miljøfotavtrykk. Dei blir utførte i fysiske maskiner som treng plass, energi, vatn og materiale. Di meir data, di meir energi, osv.

Universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) ligg i front når det gjeld digitalisering og databehandling. Stortingsmeldinga om forskningssystemet, som nyleg vart lagt fram, har til dømes eit eige kapittel om digitalisering. Samstundes skal sektoren også helst vere fyrtårn for berekraft. Korleis skal dette gå i hop? Har til dømes ein institusjon som Universitetet i Oslo oversikt over klimaavtrykket frå den digitale delen av verksemda?

– Nei, det har vi ikkje, svarar Gard Thomasen, IT-direktør ved UiO.

Men størstedelen av avtrykket skriv seg uansett ikkje frå aktiviteten på campus, fortel han.

– Forbruket vårt skjer mest i dei nasjonale og internasjonale anlegga.

Det vil til dømes seie superdatamaskiner som den nemnde Olivia. Det er nemleg lenge sidan kvar institusjon heldt seg med si eiga reknekraft. Koordineringa starta for vel tjue år sidan med at forskarar fekk høve til å nytte tungreknearlegg ved andre universitet enn sitt eige når det trongst.

– Fram mot 2014 forstod ein at investeringane i tungrekning var så store og dyre at ein måtte gjere det på ein annan måte, seier leiar for tenesteavdelinga i Sigma2, Hans Eide.

Grøne datatenester

Sigma2 (sjå ordliste) er selskapet som har ansvaret for å tilby tungreknetenester og storskala datalagring til forskings- og utdanningsføremål i Noreg. Det er eigd av Sikt, og dataressursane blir drifta i samarbeid med IT-avdelingane ved dei fire eldste universiteta (BOTT), der behovet for storskala reknekraft til forskning først gjorde seg gjeldande.

Ordliste:

- **BOTT:** Samlenemning på universiteta i Bergen, Oslo, Trondheim (NTNU) og Tromsø.
- **HPC:** High Performance Computing, tungrekning.
- **NIRD:** National e-Infrastructure for Research Data. Nasjonalt datasystem for lagring av forskingsdata. Systemet er eigd av Sigma2 og plassert i datasenteret Lefdal Mine, ei nedlagd og ombygd gruve som ligg ved fjorden midt mellom Nordfjordeid og Måløy.
- **NRIS:** Norwegian Research Infrastructure Services. Eit samarbeid mellom Sigma2 og IT-personell ved BOTT-universiteta. Står for drift av NIRD og dei nasjonale superdatamaskinene, og driv opplæring og brukarstøtte.
- **Sigma:** Datterselskap i Uninett, oppretta i 2004 for å koordinere tungrekning og datalagring i UH-sektoren.
- **Sigma2:** Vidareføring av Sigma frå 2015, no eigd av Sikt. Har ansvaret for å tilby tenester innanfor tungrekning og storskala datalagring til forskings- og utdanningsføremål i Noreg. Finansiert av staten via Forskringsrådet, og av BOTT-universiteta.
- **Spinning disk / HDD:** Hard disk drive, eining som lagrar digitale data på spinnande magnetiske plater.
- **SSD:** Solid state drive, halvleiarminne. Lagringseining som nyttar integrerte kretskort til å lagre data. Dei kan utføre fleire operasjonar parallelt, og har ikkje bevegelege delar.
- **Superdatamaskin:** Nemning på dei største og mest avanserte datamaskinene som blir brukte til komplekse utrekningar og analyse av store datamengder som ikkje er mogleg på vanlege datamaskiner.
- **Uninett:** Statleg aksjeselskap, etablert i 1993, som dreiv digitale tenester for forskning og utdanning. Sidan 2022 ein del av Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør.



– Ein måtte prøve å samle ressursane og sjå på samdrift. Teknologeutviklinga går fort, og det må kontinuerleg investerast i nye anlegg. Ein viktig del av det vi gjer, er å køyre offentlege innkjøpsprosessar for desse anlegga, seier Eide.

Sidan UH-sektoren no treng så mykje reknekraft og datalagringsplass, og dermed straum osb., kan ikkje institusjonane huse nasjonale anlegg framover. Det trengst datasenter. I 2022 vart forskingsnoregs storskala-lagringssystem NIRD installert i ei nedlagd olivingruve i Nordfjord. Der skal også den nye superdatamaskina Olivia (ingen poeng for å gjette kvar namnet kjem frå) plasserast.

Valet av Lefdal Mine som datasenter var mellom anna basert på grønne kriterium, fortel Eide.

– Det viktigaste er at ein kan gjenbruke spillvarmen.

Datasenteret ligg rett ved fjorden og brukar vatn derifrå i kjølesystema. Det oppvarma vatnet skal i sin tur nyttast i eit lokalt akvakulturprosjekt, som dermed slepp å varme opp vatn sjølv med straum. Slik gjenbruk er i vinden: NTNU, som har den heimebygde superdatamaskina Idun til husbruk, har nyleg bygd om datahallen slik at varmen maskina produserer, kan brukast til å varme opp campus.

Tungrekning har miljøkonsekvensar

Det er dette – at norske datasenter er grønare enn andre datasenter – suksessive norske regjeringar dreg fram når dei prøver å trekkje internasjonale datasenterinvesteringar til Noreg. I tillegg til naturleg kjøling og samfunnsnyttig gjenbruk av spillvarme nyt datasenteret i Lefdal godt av rikelege mengder kortreist og rimeleg vasskraft. Og sidan gruva allereie låg der, trongst det ingen store naturinngrep. Anlegget er knapt synleg sjølv om det ligg rett ved riksegen.

Også Olivia skal vere så grøn som råd: Ho veg halvparten så mykje som dagens største nasjonale reknemaskin Betzy (som også står hos NTNU), berre 15 tonn, og brukar 30 prosent mindre energi. Men det trengst altså meir. I januar presenterte Forskringsrådet ei konseptvalutgreiing for tungrekning, der dei tilrår at Noreg investerer 3,4 milliardar kroner fram mot 2030, ei løysing regjeringa i systemmeldinga lovar å «vurdere». Konseptet medfører at Sigma2 skal tilby dataressursar ikkje berre til UH-sektoren, men også til forvaltingsdriven forskning og utvikling. Samstundes opplyser dei at eit slikt val vil ha negative miljøkonsekvensar, først og fremst ved auka straumforbruk og nedbygging av areal.

Best før, men ikkje dårleg etter

Når lagring og databehandling skjer i eit nasjonalt anlegg langt unna, blir det vanskeleg for kvar enkelt institusjon å vite nøyaktig kor stor del av klima- og miljøavtrykket ein sjølv står for. Dessutan varierer det mykje, fortel Gard Thomassen, IT-sjefen ved UiO.

– Bakpå ein server står det kor mykje straum han maksimalt kan bruke, men om du ikkje gjer noko på serveren, vil han gå i dvale, slik di eiga maskin gjer. Diskane vil slutte å spinne, han vil ikkje bruke minnebrikkene, og det vil gå mindre straum gjennom boksen. Så for å få eit fornuftig bilete av forbruket, må du måle over ein lang periode, seier han.

– Men når det er sagt, har vi eit kriterium om at utstyret vi kjøper, skal leve lenge og ha eit greitt straumforbruk.

«Lang levetid» er eit særst relativt omgrep. Utstyr av den typen som står i fjellhallane i Nordfjord, må skiftast ut etter fire–fem år. Då har utviklinga sprunge frå dei.

Når UiO skaffar serverar, prøver dei å få sju års garanti, fortel Thomassen.

– Dessutan har vi avtalar som inkluderer reparasjon, og vi prøver å reparere så mykje som råd innanfor garantitida. Og når vi reparerer utanfor garantitida, brukar vi gjerne delar som er gått ut på dato, til reparasjonar.

Her kjem det igjen an på kva utstyret blir brukt til. Er det til lagring, vågar han ikkje å bruke utstyret stort lenger enn sju år.

– Men er det noko som ikkje er kritisk, til dømes reknekraft til forskarar som toler å vente ein dag om det skulle stogge, så blir det gjerne ti år.

Lagring og lagring

Datalagring og reknekraft er nemleg ikkje heilt det same, viser det seg. Datalagring er heller ikkje det same, for den saks skuld.

– Mange data- og IT-senter brukar anten SSD-ar eller *spinning disk*, seier Thomassen, med referanse til dei to mest vanlege digitale lagringsmedia (sjå ordliste).

– Men mange forskingsdata er kalde, det vil seie at ingen har sett på dei det siste året. Hos oss brukar vi lagringstape til dette. Det er grønare. Det går ikkje fort å lese dei, men sidan det ikkje hastar, går det fint. Noko vi jobbar med no, er å få data som er kalde, til å gli over på tapelagring automatisk.

Lagring er likevel ikkje det som tek mest energi, hevdar Eide i Sigma2.

– Du kan fint lagre noko og skru av straumen etterpå. Det er når du tek til å gjere ting med datamengdene, analysere og sende dei att og fram, at mykje av energien blir svidd av. Så når heile befolkninga skal ta i bruk kuns-

ting intelligens, då vil totalforbruket bli stort.

Når forskarar har behov for større lagringsplass enn dei kan få ved heimeinstitusjonen, kan dei søke om innpass hos NIRD. Det same gjeld reknekraft frå anlegg som Olivia, og trengst det endå meir, kan ein ty til den europeiske superdatamaskina LUMI, som Noreg er medeigar i.

– Den maskina står i eit datasenter i ei nedlagd papirmølle i Finland. Fabrikken stod der og hadde god straum- og vassforsyning, så det var naturleg å gjere han om til datasenter. Overskotsvarmen blir brukt til å varme opp byen der senteret ligg. Fordelen med datasenter er at ein kan gjere slike ting, det kan du ikkje om du har mindre anlegg spreidde rundt, seier Eide.

Grøne program

Men digitaliseringa avgrensar seg som kjent ikkje til handtering av store forskingsdatamengder. Ein rapport om digitaliseringas miljøavtrykk, utgitt av franske L'association Green IT i februar i år, estimerer at klodens 5,35 milliardar internettilknytte menneske brukar i gjennomsnitt seks internettilkopla dingsar kvar. Digital aktivitet står for om lag 3,4 prosent av samla klimagassutslepp.

Thomassen ved UiO fortel at dei aktivt prøver å sette grenser for folks appetitt på stadig fleire dingsar. No må tilsette nøye seg med ein laptop og heller bruke eksterne skjermar og tastatur, framfor å ha både stasjonær og berbar datamaskin.

– Vi har også ein avtale om at når ting går ut på dato, blir dei henta av eit firma som passar på at dei delane som kan gjenbrukast, blir gjenbrukt. Og om nokon sluttar hos oss, tek vi inn utstyret deira og gjev det til andre, seier han.


Men det fysiske utstyret er framleis berre ein del av likninga. Kva med programvara?

Kristina Devochko er utviklar i teknologiselskapet Tietoevry. For eit par år sidan etablerte ho ei fagmiljøgruppe i Oslo under paraplyen til berekraftsorganisasjonen Green Software Foundation.

– Dess mindre ressursar programvara brukar, dess mindre maskinvarer trengst til å køyre det, seier ho.


Som utviklar kan ho påverke miljøavtrykket frå digitaliseringa på fleire måtar, fortel ho.

– Det enklaste er å ha rutinar for å sjå på tenestene ein brukar, og applikasjonane ein køyrer, og spørje: Treng eg denne? Må han køyre 24 timar i døgnet, eller kan eg skru av tenesta utanom arbeidstid? Om det ikkje kjem så mykje trafikk inn, kan eg undersøke om tenesta kan slettast.

A woman with vibrant pink and purple hair is smiling warmly at the camera. She is positioned behind a computer monitor in what appears to be an office or server room. The background is filled with rows of computer monitors and desks, creating a sense of a busy IT environment. The lighting is soft, highlighting her face against the darker background.

– I IT-bransjen ser eg at mange teknologar er opptekne av berekraft, men slit med å overtale leiinga til å prioritere det.

KRISTINA DEVOCHKO



←

Også digitale operasjonar skjer i fysiske maskiner, som her ved UiOs datasenter. Det samla miljøavtrykket frå digitaliseringa blir berre større og større.

Foto: Erik Norrud

↓

Inne i fjellet mellom Nordfjordeid og Måløy er gamle gruvegangar blitt omgjorde til datasenter. Den vesle husklynga midt i bildet er alt som er synleg på overflata.

Foto: Lefdal Mine Data Centers

Problemet med skya

I neste omgang kan ein bruke berekraft som kriterium når ein bestemmer kva for tredjepartskomponentar ein vil bruke i programvara ein lagar.

– Du kan samanlikne og velje den som er mest ressurseffektiv. Applikasjonar som berre inkluderer dei nødvendige komponentane, er mindre, meir ressurseffektive og sparar kostnader, seier ho.

Det finst også verktøy som kan hjelpe fagfolk som henne sjølv med å samle inn standardiserte data om utslepp frå programvare.

– Når du har samla inn slike data over ei viss tid, kan du analysere dei for å sjå kva du kan gjere med programvara di for at ho skal skape mindre utslepp.

Og akkurat som universiteta bør utviklarar i IT-bransjen tenkje meir på kvar programvara skal køyre, meiner ho. Skjer det på serverar innomhus eller i serverar ein leiger hos andre og kallar «skya»?

– Då har det mykje å seie kven skyleverandøren er, korleis dei byggjer tenestene sine, og kor opne dei er om det. Førebels er det store utfordringar med transparens rundt utslepp frå infrastrukturen hos skyleverandørane, og informasjonen som finst,

er ofte utdatert. I Noreg er vi heldige fordi mange skytenester brukar fornybar energi, men det er slett ikkje tilfellet alle stader, seier Devochko.

Og så er det ryddesjauane vi alle blir oppmoda om å ta med jamne mellomrom. Har det eigentleg noko å seie om du samvitsfullt slettar e-postar og gamle filer etter kvart som dei blir irrelevante?

– Det der er same argument som at «Noreg er så lite, kva har det vel å seie kva vi gjer?» Eg trur endring berre kan skje når vi set eit døme med handlingane våre. Personleg ryddar eg heile tida. Dersom alle tenkte meir på det, kunne store ressursar blitt frigjorde, seier ho.

Kor mykje vekst?

Den store elefanten i det digitale rommet er likevel at same kor effektiv maskin- og programvare blir, så blir effektiviteten meir enn nulla ut av det faktum at datamengdene og datastraumane vi tykkjer vi treng, berre blir større og større.

– Personleg ser eg utfordringar ved at tenester som ChatGPT er blitt tilgjengelege for alle, for dei blir brukte til så mange unødvendige ting, og mange tenkjer ikkje over ressursane

→



DATALAGRING

KI-tenester brukar. Vi snakkar mykje om å optimalisere kunstig intelligens og maskinlæringsmodellar, men vi må også diskutere korleis vi kan unngå å bruke dei i utrensmål. Her trur eg vi er heilt avhengige av at politikarane kjem på bana. Vi treng reglar og standardar, nasjonalt og globalt, seier Devochko.

– Ja, det pågår ein diskusjon rundt kvar vil lyt sette strek, seier Thomassen ved UiO.

– I heile verda produserer vi no kvart år meir data enn alle tidlegare år til saman.

Kan ikkje lagre alt

I forskning kjem dei store voluma frå sensorar og måleinstrument, frå store prosjekt som CERN, frå gendata, biletdata i helseforskning, video- og lydopptak, psykologars pasientintervju, klimadata, geologi og fysikk. Dei tradisjonelt datatunge faga blir berre meir datatunge. Men Thomassen minner om at det er sosiale medium som er den verkeleg store dataproduzenten. Ved forskingsinstitusjonane har ein rikeleg høve til å kjenne på ironien i å prøve å skape ei betre verd med forskning, samstundes som verda brenner av stadig meir ressursar på å dele kattevideoar på TikTok.

Eit omgrep frå kampen for open tilgang til forskning blitt nyttig når det gjeld å sette grenser for datavolumet. Det såkalla FAIR-prinsippet seier at forskingsdata skal vere *Findable, Accessible, Interoperable* og *Reusable*, det vil seie at dei skal vere i ein slik tilstand at andre kan forstå og bruke dei i framtida.

– Ved UiO har vi snakka om at det er greitt at mengda kalde data veks, så lenge dei er FAIR. Det er målestendarden vår. Vi gjev eit økonomisk insentiv og har sagt at data som er FAIR, kan du få lagre til ein rimeleg pris. Lagrar du data ingen veit kva er, må du betale så det svir. Det same gjeld hos Sigma2, seier han.

Thomassen fortel at i dei store forskings-samarbeida prøver ein å unngå duplisering av data og heller strøyme dei frå databasar. Det skapar interessante dilemma i desse dagar, når mange fryktar at Trump-administrasjonen vil øydeleggje viktige amerikanske forskingsdata – eller gjere dei utilgjengelege.

– Men slike avvegingar høyrer til i forskingsmiljøa. Vårt ansvar som IT-avdeling er å halde styr på data som er lagra hos oss, seier han. ●

↓

Er det eit orgel? Ein fryseboks? Nei, det er ei datamaskin som blir møtt av ein engasjert velkomstkommité ved Meteorologisk institutt ein februar-dag i 1961. Foto: NTB



KORLEIS TENKJER DU OM DIGITAL BEREKRAFT I ARBEIDSKVARDAGEN?

«Det er få insentiv til å rydde opp, bortsett frå når du kjem til eit punkt der meir lagring blir dyrt.»

Marit Sandstad
Seniorrådgjevar, Cicero



– Eg leier ressursfordelingskomiteen som tildeler tungrekne- og lagringsressursar på den nasjonale infrastrukturen som Sigma2 har ansvar for. Når ein forskar får finansiering til eit prosjekt som krev rekneressursar eller lagring, sender ein inn ein søknad der ein forklarar litt om forskinga og godtgjer kvifor ein treng så og så mykje lagringsplass eller reknemaskinar. Ein kan søke lagring med eller utan backup, og ein kan velje om data skal vere raskt tilgjengelege eller ikkje fullt så raskt.

– Vi vurderer søknadane etter vitenskaplege kvalitetskriterium. Vi ser ikkje på berekrafta i prosjektet. Det handlar også litt om kvar i systemet slike vurderingar kjem inn. Har du først ei stor reknemaskin ståande, er det best om ho reknar på noko. Berekraftsvurderingane blir gjorde når du kjøper maskina og skrur henne på.

– Eg kunne ønskje meg at vi tenkte meir på berekraft i samband med lagring. Det er lett for at ein lagrar mykje data veldig lenge. Du har utført eit prosjekt, skrive artikkelen, kva gjer du no? Sigma2 har også ei arkivløysing der ein kan publisere opne datasett med garanti om at dei vil liggje der i ti år. Så ei løysing kan vere å publisere dei der og slette sin eigen kopi. Men det blir fort til at folk publiserer mykje meir enn det som er nyttig, for alle tilfelles skuld. Det er få insentiv til å rydde opp, bortsett frå når du kjem til eit punkt der meir lagring blir dyrt. Først har fokuset vore på å dele data, ikkje på kor mykje data ein publiserer, og kor lenge ein lagrar dei.

– Eg tykkjer det er problematisk kor lett det er å la vere å tenkje på slikt i kvardagen. Det er så enkelt å ta vare på alt, bilete og e-postar frå skulen og slikt. Dei er kanskje nyttige i nokre månader, og seinare er det for mykje ork å rydde opp i det. Og fordi alt ligg ein stad eg ikkje kan sjå, er det veldig lett å ignorere problemet. Sjølv her på min arbeidsplass, der vi tenkjer mykje på berekraft, så kjem slike problemstillingar først opp når datamengdene blir så store at vi nærmar oss eit kostnadstak, eller når serveren blir så full at ingen får gjort noko. Eg mistenkjer at det er slik mange stader. ■

«Ein samtale med ChatGPT kostar mykje meir reknekraft enn å spørje Google.»

Stephan Oepen
Professor ved Institutt for informatikk, Universitetet i Oslo



– Eg er med i ei forskingsgruppe for språkteknologi som har jobba i fleire år med å utvikle språkmodellar, av typen GPT, tilpassa norske språklege og kulturelle forhold. Å utvikle store språkmodellar, det vi kallar maskinlæring, krev mykje data og reknekraft. Vi hentar mykje språkdata frå internett. Gjennom samarbeid med internasjonale aktørar som samlar slike data,

har vi per i dag fått tak i åtte petabyte (ein petabyte er tusen billionar byte, journ.mrk.) rå webdata som vi har kopiert til den nasjonale norske lagringsinfrastrukturen og til ein tilsvarande infrastruktur i Tsjekia. Om lag fem petabyte ligg i Noreg. Dei utgjer ein betydeleg del av norsk datalagringskapasitet. Vi har fleire datamaskiner knytte til lagringssystema, som går igjennom samlingane, ser etter tekst, identifiserer kva språk det er, og om det har brukbar kvalitet, før det blir treningsdata til språkmodellutvikling.

– I tillegg til språkleg og kulturell tilpassing har forskinga til føremål å nytte data og reknekraft meir effektivt. Både frå eit vitenskapleg og eit berekraftig perspektiv er det naturleg å vinkle forskinga mot mindre modellar tilpassa nasjonale eller regionale behov. Og forskarar kan prøve å redusere miljøkonsekvensane av utviklinga. Vi kan til dømes filtrere ut data av dårleg kvalitet og trene modellane på mindre datamengder. Då sparar vi pengar og klimagassutslepp, men får ein modell som er like bra.

– Mitt institutt har ei satsing på grøn informatikk, som omfattar heile faget, frå algoritmar, modellar og metodar til ressursbruk knytt til reknekraft, lagring eller datakommunikasjon. IKT tek ein betydeleg og aukande del av globalt energiforbruk, og det har mykje med kunstig intelligens å gjere. Ein samtale med ChatGPT kostar mykje meir reknekraft enn å spørje Google. Men vi er heilt sikre på at IKT også er ein del av løysinga. Både fordi digitalisering kan brukast til å lage klimavenlege løysingar, og fordi vi forskarar kan utvikle IKT som brukar mindre ressursar.

– Eg tenkjer mykje på mitt eige avtrykk. I kvardagen er det viktig å vere medviten om å berre bruke den teknologien ein faktisk treng. Det kostar å sende ei fil som vedlegg i ein e-post eller sjå ein film på Netflix. Det gjeld å tenkje seg litt om. Sjølv brukar eg ChatGPT relativt lite, til å vere ein som forskar på språkmodellar. ■



KORLEIS TENKJER DU OM DIGITAL BEREKRAFT I ARBEIDSKVARDAGEN?

«Eg fekk våre to yngste barn med på å droppe TikTok i heile mars, og det har ikkje skada dei.»

Aksel Tjora

Professor ved Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU



– Eg er veldig oppteken av ikkje å drive og strøyme ting unødig. Eg sjekka energi-forbruket frå strøyming av film, det skal vere samanliknbart med å støvsuge med ein kraftig støvsugar. Men slikt er mest kritisk i privat samanheng, då strøyer jo folk heile tida. Det er eit klimaavtrykk frå videomøte også, men no står eg på farten og skal fly til Hamburg, så det er andre

ting som gjev meg dårlegare samvit enn digitale jobbverktøy. Men eg reagerer på at når eg avtalar ein telefonsamtale med ein kollega, dukkar det ofte opp lenkje til eit Teams- eller Zoom-møte. Det er heilt unødvendig. Skal ein ha eit møte med mange som ikkje har møtt kvarandre før, kan sjølvsagt video ha ein funksjon. Men vi har openbert blitt vande med at videomøte er standard. Men eg oppfattar generelt ikkje at den digitale kvardagen ved institusjonen er prega av klimatankegang. Om noko har eg inntrykk av at ein velsignar alle digitale møte, for då slepp ein reising.

Samanlikna med strøyming tenkjer eg at lagring av filer er lite viktig. Eg har lagra alt eg har gjort dei siste tjuve åra, og er totalt nerd når det gjeld å ta backup av ting. Eg har jobba med ein del tema over så lang tid at det er eit poeng i seg sjølv å ta vare på også det som er gamalt. Men det er mest snakk om tekst, som knapt tek plass.

Eg har ikkje observert at det er noko fokus på slike problemstillingar frå NTNU sentralt. Og eg trur generelt at det er privat bruk som er viktig for folk som meg, som ikkje jobbar med store og tunge filer, og som ikkje har ei leiarstilling der eg må ha mange digitale møte. Eg har redusert møteverksemda mi til eit minimum. Men i kvardagen strøyer folk underhaldning heile tida utan å tenkje på kva det medfører av ressursbruk. Eg har teke vare på alle dei gamle platene og cd-ane og filmene mine, så eg kan sjå dei også utan internettilgang. Eg er nokså medviten om det, men det monnar lite no når folk strøyer TikTok-videoar heile dagen. Eg fekk våre to yngste barn, som bur heime, med på å droppe TikTok i heile mars, og det har ikkje skada dei, heller tvert imot. Som familiepappa tenkjer eg at om ein greier å få familien med på noko slikt, så er det kanskje viktigare enn kva eg gjer i jobbsamanheng. ■

FOTO: CICERO

«Eg jobbar med sirkulære løysingar og prøver å påverke studentar og tilsette til å tenkje på det.»

Judit Johnstad Bragelien

Førstelektor ved Handelshøgskulen HVL, Høgskulen på Vestlandet



– Eg slettar titals e-postar om dagen, både på jobbmailen og privat. Det er jo litt diskutert kor nyttig det er, det er ikkje så enkelt som at dersom ein slettar så og så mange e-postar, kan ein unne seg ein flytur. Men dette er noko eg gjer på eige initiativ, det er ikkje fokus på det frå leiinga. Nokre av oss skulle kanskje ønskje at institusjonen var lenger framme i skoa

på dette området. I forskinga mi brukar eg meir kvalitativ enn kvantitativ metode, så det blir ikkje så mykje data. Eg kunne sikkert spart på mindre enn eg gjer. Samstundes veit vi jo at når vi skal skrive opprykkssøknader, så er det ikkje måte på kva ein må dokumentere. Seinast for to dagar sidan dreiv eg og leita etter ein prosedyre eg var med på å lage for mange år sidan, og som eg plutselig hadde bruk for til noko. Du veit aldri kva du kjem til å trenge.

Eg jobbar med sirkulære løysingar og prøver å påverke studentar og tilsette til å tenkje på det. Ein kan gjere mykje på campus, til dømes når det gjeld eingongsartiklar eller matredding. Eg har til dømes utfordra etter- og vidareutdanningsstudentar til å ta med seg eigen drikkekopp på helgesamling når eg underviser i sirkulærøkonomi, for å illustrere faglege poeng.

Når det gjeld IT-utstyr, skal vi levere inn pc-ar når vi får nye, så eg reknar med at dei blir gjenbrakte på forskjellig vis. Mange organisasjonar har avtalar med aktørar som tek seg av slikt. No blir det snakka ein del om sirkulær IT og at det kan vere ein bra måte å administrere IT-utstyr på. Det går ut på at ein i staden for å kjøpe inn pc-ar leasar dei med ein serviceavtale. Og når ein ikkje kan bruke pc-en meir, tek leverandøren han tilbake og oppgraderer han og gjev han eit nytt liv ein annan stad. Eg deltok nyleg på eit interessant webinar om dette i samband med mi faglege interesse for sirkulærøkonomi, men eg trur ikkje HVL har nokon slik modell førebels, i alle fall ikkje som eg har fått vite om. Men det er noko ein godt kunne vurdere. Ein del trur nok at det blir dyrare, men det vil jo også føre til at tilsette kan bruke pc-ane sine lenger, fordi dei får tilsyn. Det er bra med alt som kan gjenbrukast, men det å halde liv i pc-ane sine lenger ved god bruk, er det aller enklaste. ■

➤ AV KJERSTIN GJENGEDAL

FOTO: UIO

Trygg på reise – hele året, over alt!

Enten du skal til fjells i påsken, på storbyferie i sommer, eller bare en tur på butikken: Med Forskerforbundets reiseforsikring er du alltid dekket – uansett hvor ferden går!

- Dekker deg på reiser opptil 90 dager.
- Er flyet forsinket? Få tilgang til loungen.
- Online lege inkludert på alle reiser i utlandet.

Medlemspris
fra kun
115 kr/mnd!



Foto: 123rf.com



Sikre deg forsikringen
før påsken!



FORSKER
FORBUNDET

TYSKLAND

«TSUNAMI AV ANTI-SEMITTISME»

Den tyske unionen av jødiske studenter (JSUD) og American Jewish Committee Berlin har skrevet en rapport om antisemittisme på tyske universiteter. Ifølge rapporten har antallet antisemittiske hendelser økt fra 23 i 2022 til 151 i 2023, og lederen for JSUD omtaler dette som en tsunami. Pro-palestinske demonstrasjoner og okkupasjoner av universitetsbygninger har fått jødiske studenter til å unngå campus, skriver Deutsche Welle. Rapporten krever flere tiltak, inkludert obligatorisk opplæring om antisemittisme, kontaktpunkter for jødiske studenter og konsekvent rettsforfølgelse av antisemittiske lovbrudd.

BELGIA

Forbereder studenter på krig

■ Til høsten skal medisinstudenter ved flamske universiteter tilbys kurs i militærmedisin, med opplæring i traumemedisin, akuttmedisin og ortopedisk kirurgi, og hvordan moderne krig, med blant annet droner, gir andre skader enn mer tradisjonelle våpen. Initiativet kommer fra det belgiske forsvars- og folkehelseministeriet, som vil øke beredskapen i helsevesenet. VRT News skriver at dette er et føre-var-tiltak, fordi det tar mange år å utdanne leger.



FOTO: SHUTTERSTOCK

SØR-AFRIKA

Sultne studenter

■ Mellom 11 og 38 prosent av studentene i Sør-Afrika har usikker tilgang på mat. Stigende matpriser gjør at tusenvis av studenter dropper måltider og studerer på tom mage, skriver avisen Daily Maverick. Særlig mange går sultne fra semesterstart til studiestipendene kommer. Stipendet tilsvarer rundt 10 000 kroner i året, men med økende priser på husleie, transport og mat sliter mange med å få endene til å møtes, og ifølge avisen oppgir flere studenter konsentrasjonsvansker på grunn av sult.

FINLAND

USA-press mot universitet

■ Helsingfors universitet fikk i februar melding fra myndighetene i USA om å fjerne ord som «klimaforskning» og «likestilt samfunn» fra annonsene sine for Fulbright-stipender. USA har også stoppet utbetalinger til Fulbright-stipendiater over hele verden, men bare ett finsk stipend er annullert, ifølge Hufvudstadsbladet. Finland dekker 60–80 prosent av sine Fulbright-stipender, men det annullerte stipendet var fullfinansiert fra USA.

AUSTRALIA

USA-press mot forskere

■ Australske forskere som samarbeider med forskere ved offentlige institusjoner i USA, har fått tilsendt et skjema med 36 spørsmål, der de blant annet bes bekrefte at deres institusjon ikke har mottatt midler fra Kina, Russland, Cuba og Iran, skriver Australian Financial Review. Spørreskjemaene skal også kreve at forskningen støtter USAs interesser, ikke gjelder klima, og at den ikke inneholder mangfold eller likestilling.

SVERIGE

Exit X

■ Nesten alle svenske universiteter og høyskoler har forlatt X, tidligere Twitter, har Universitetsläraren funnet ut. Begrunnelsen er både tap av følgere og at stadig mer hat og desinformasjon spres via X. Karolinska Institutet beskriver X som et giftig miljø, og har etablert seg på TikTok for å rekruttere studenter og Bluesky for å dele forskningsnyheter. Av 24 læresteder har 22 forlatt X, og de siste to har planer om å forlate kanalen.

FOTO: SHUTTERSTOCK



DANMARK

Høyt stressnivå

■ 45 prosent av offentlig ansatte har opplevd ulike stresssymptomer den siste måneden. En undersøkelse blant medlemmene i fagforeningen DM viser at 56 prosent av forskerne har opplevd slike symptomer, og blant de midlertidig ansatte har 65 prosent hatt stressymptomer siste måned, skriver danske Forskerforum. Nesten 60 prosent har jobbet selv om de var syke, og forskere jobber i snitt 3,9 timer mer i uken enn andre offentlig ansatte. 64 prosent jobber 38–50 timer i uken, og 10 prosent klemmer inn over 50 arbeidstimer hver uke.

ILL: SHUTTERSTOCK

USA

TRUMP MOT
AKADEMIA

Vil du lese mer om utviklingen i USA? Følg vår løpende dekning av striden mellom Trump og akademien på [Forskerforum.no](https://forskerforum.no).

FOTO: MIKKO VARES / NOOTTI

En asylsøker krysset grensen mellom Finland og Russland på denne sykkelen i 2023. Nå er grensen stengt.



FINLAND

FARVEL LENIN

I 1946 åpnet Lenin-museet i Tampere som et symbol på finsk-russisk vennskap. Til 70-årsjubileet endret museet fokus til mer Sovjet-historie, men beholdt navnet. Men etter Russlands fullskalainvasjon i Ukraina og Finlands inntreden i NATO ble navnet en byrde, og museet trengte en oppdatering, skriver The Guardian. Resultatet er et helt nytt museum, med et nytt navn, Nootti, som belyser de skiftende diplomatiske relasjonene mellom nabolandene.

INDIA

Kvinner strømmer
til universitetene

■ Mens antallet mannlige studenter økte med 3,6 prosent i 2024, økte antallet kvinnelige studenter med 26 prosent, skriver den indiske avisen Business Standard. Totalt økte studentopptaket med omtrent 12 prosent fra 2023 til 2024. Ifølge avisen søkte kvinnene seg særlig til arbeidsplassbaserte utdanninger, der opptaket økte med 124 prosent. Tallene er utarbeidet av Shantanu Rooj i Team-Lease Edtech, som håper dette legger grunnlaget for en mer likestilt arbeidsstyrke.

I flere tiår har litteraturviterne prøvd å minske skråsikkerheten sin.
Nå prøver amerikanske myndigheter å begrave verktøykassa deres.

LITTERATURFORSKER TONJE VOLD I SAMTALE MED BÅR STENVIK | FOTO: ERIK NORRUD

Blikket utenfra

– De fleste temaene jeg er interessert i, står per i dag på en liste i USA over forbudte ord for forskere. Man kan kalle situasjonen absurd, men den er først og fremst ekstremt skremmende, sier Tonje Vold.¹

Trump-administrasjonen prøver for tida å renske ut emner i akademisk knyttet til likestilling og rettferdighet, og National Science Foundation har fått beskjed om å stoppe og kontrollere prosjekter som bruker nøkkelord som *mangfold*, *aktivisme* og *stereotypier*.

– **Hva står på spill her? Hvilken nytte har litteraturvitenskapen av for eksempel interseksjonelle og postkoloniale perspektiver?**

– Interseksjonalitet handler om å se flere parametere sammen, som raseforestillinger, kjønn, klasse og legning. Denne måten å lese litteratur og samfunn på er helt vesentlig i en kompleks verden. Jeg mener dessuten det er sterkt begrensende for å lære å tenke, også om seg selv og sitt eget, dersom man bare skal ha som utgangspunkt tekster fra egen kulturkrets og tidsperiode.

– **Har du noen eksempler på hvordan disse lesemåtene brukes på Blindern i dag?**

– Det er relativt sett få som skriver om litteratur fra «det globale sør» på master- og ph.d.-nivå, mens de postkoloniale perspektivene som kommer derfra og fra afrikanskamerikanske feminister, er mye i bruk. Vårt prosjekt om skandinavisk «skamløst medborgerskap» og feministisk litterær aktivisme bygger på slik tenkning, uansett om litteraturen er skrevet av Shazia Majid eller dansk-samiske Maren Uthaug.² Studentene jeg møter, er gode til å kople egne erfaringer sammen med det som leses, og de ser sammenhenger, likheter og forskjeller. For noen kan det dreie seg om å aktivere sin egen samiske bakgrunn når man leser om avkolonisering, for andre kan det handle om deres erfaringer med å bli redusert til å være en representant for en etnisk gruppe når vi leser Frantz Fanons³ analyse av hvordan erfaringer med mikroagresjon og rasisme setter preg på selvbildet.

– **Du var selv ganske tidlig ute i Norge, med en hovedoppgave om zimbabwisk litteratur og en ph.d. om J.M. Coetzee og postapartheid-litteratur? Hvilke utfordringer innebar det for deg som akademiker?**

1 Født i 1972. Professor i nordisk litteraturvitenskap ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier ved Universitetet i Oslo. Forfatter av boken *Å lese verden. Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og økokritikk* (2010). Hun har redigert antologier om litteratursosiologi og verdenslitteratur, og skriver fast i Morgenbladet.

2 Vold ser for eksempel på hvordan Shazia Majids prisvinnende bok *Ut av skyggene. Den lange veien mot likestilling for innvandrerkvinner* knytter seg opp mot Camilla Collett og vestlig feminisme, og hun leser Abida Raja-biografien *Frihetens øyeblikk* inn i en verdenslitteratur-tradisjon sammen med Alice Walker og Toni Morrisons narrativer om voldtekt og motstand.

3 Fanon var en filosof, lege og forfatter fra Martinique som har hatt stor innflytelse på senere frigjørings- og dekoloniseringsbevegelser med sine tanker om svart identitet, kolonialisme og makt.

– Det innebar særlig å lese seg inn i kulturer og akademiske diskusjoner jeg ikke kjente fra før, for å forstå konteksten. Det er sjelden den som plasserer seg selv som skråsikker ekspert på alle kulturuttrykk, som hvit, norsk eller akademiker, eller hva det nå er, som er mest givende å lese. Det er uunnngåelig å ha blinde soner, men man må prøve å fylle ut kunnskapshull.

– **Hva betyr det i praksis?**

– Coetzee er nobelprisvinner og hvit sørafrikaner, og i sine bøker bruker han mye europeisk kanonlitteratur, som Kafka og Defoe. Det siste betyr at du godt kan sitte på et kontor på Blindern og lese bøkene ut fra det du allerede har lært her, og få mye ut av dem. Men for min del var det helt essensielt å lese verkene hans i dialog med andre sørafrikanske forfattere og diskusjonene fra det litterære fellet der. Da måtte jeg blant annet forstå apartheid-politikk, jeg måtte forstå den type hvithet hans litteratur tematiserer, og litteraturen innenfor en nasjonal og politisk kontekst.

– **Og hvordan mener du at litteratur og ideer fra det sørlige Afrika lærer oss noe om oss selv?**

– Mange sørafrikanske verk borer inngående i spørsmål knyttet til nasjonale og andre fellesskap. Hva betyr forsoning i etterkant av sannhetskomisjonens arbeid der, hva skal til om grusomme forbrytelser er begått? Og rettferdighet – kan rettsprosesser skape fred og samforstand? I 2023 ble den norske sannhets- og forsoningskomisjonens rapport offentliggjort. Den sørafrikanske diskusjonen kan belyse denne prosessen, men også andre problemstillinger, som forholdet mellom et kollektivt traume og private traumer.

– **Hva har vært utfordringene for postkoloniale perspektiver vært i de foregående tiårene i norsk litteraturvitenskap?**

– En type postkolonial utfordring dreier seg om å vise en lengre historisk utvikling, ikke bare putte *Sameproblemet* av Kathrine Nedrejord på pensum og så tenke at «nå har man gjort den jobben». Det er som

– **Det litterære systemet har reproduisert likhet.**



om man åpnet et vindu og så tenkte at «ja, nå har vi luftet litt, så nå kan vi lukke det igjen». Egentlig er jobben å orientere seg utover den vestlige kanon og se kritisk på vurderingsapparatet. I norsk sammenheng kan det bety å utvikle en litteraturhistorisk tenkning som ser på samspillet mellom samisk, kvensk og norsk litteratur og kultur, og som ser kritisk på fornorsking og koloniale strukturer innenfor den nasjonale fortellingen. Det er mye vanskeligere, for da må du gjøre en mye større jobb.

Den «større jobben» har sitt speilbilde også i andre litterære institusjoner. Vold nevner blant annet debatten som oppsto i 2021 da den norske forfatteren Priya Bains protesterte i Morgenbladet mot at kritikere satte henne i samme bås som Yahya Hassan bare fordi begge var minoriteter i en hvit offentlighet.

